

● Todalsfjordprosjektet:

# Viktig planlegging i gang

Torsdag var det oppstartsmøte for kommunedelplanarbeidet for Todalsfjordprosjektet. – Eg føler vi har nådd nok ein milepæl, seier dagleg leiar Bergsvein Brøske.

Mykje har gått Todalsfjordprosjektet sin veg det siste året. Prosjektet er på førsteplass på fylkeskommunen si prioriteringsliste og det skjer spennande ting rundt finansieringa. Torsdag møttest representantar frå Statens vegvesen, fylkeskommunen, Todalsfjordprosjektet og den administrative leiinga i Surnadal og Sunndal i Molde til oppstartsmøte for kommunedelplanarbeidet.

– I dette arbeidet skal det planleggast korleis vi skal komme oss frå Øygarden på Nordvik over til Ålvundfossen. Kommunedelplanarbeidet skal avklare plassering av brua og kva type bru som skal byggast, seier Bergsvein Brøske.

## – Passerte milepæl

Han seier vegvesenets folk har jobba ei tid med planane, men at torsdagens møte var det formelle oppstartsmøtet.

– Det var eit godt og konstruktivt møte. Eg føler på eit vis at vi passerte ein milepæl igjen.

– Framdriftsplana seier det skal utarbeidast konsekvensutgreiing (KU) i 2019. Det er viktig å ha denne klar for slik å unngå å møte store hindringar vidare i arbeidet. Om tre år skal kommunedelplanen vere klar. Deretter skal det utarbeidast reguleringsplan.

– Når kan spaden settast i jorda?

– Det kjem an på ulike faktorar. Ikkje minst økonomi. Det blir spesielt viktig å følge sporet som kan gje mulegheit for å krevje bompengar i inntil 40 år. Da blir prosjektet sjølvfinansierande. Todalsfjordprosjektet blir viktig for dynamikken på indre Nordmøre. Målet vårt er at spaden kan settast i jorda i 2023 – 2025.



**MILEPÆL:** – Med torsdagens oppstartsmøte for kommunedelplanarbeidet passerte vi nok ein milepæl for Todalsfjordprosjektet, seier dagleg leiar Bergsvein Brøske.

## – Historisk dag

Rådmann Ragnhild Dyrnes i Sunndal og kollega Knut Haugen i Surnadal var begge med på møtet i Molde. Dyrnes er glad for at det er vegvesenet som no tek ansvaret for den vi-

dare planlegginga. Det er svært viktig at det blir gjort grundig slik at ein unngår å kome i ein situasjon der ein må gjere opp att noko.

– Møtet i Molde opplevde eg som svært positivt. Vi som var

der meiner det var ein historisk dag for prosjektet. No er planlegginga i gang og vi er eit langt steg nærare realisering, seier Dyrnes.

**SIGMUND TJELLE**  
sigmund.tjelle@driva.no

# Vi tenner julegrana

lørdag 2. desember kl. 14

- ♥ Julegrantening kl. 14
- ♥ Surnadal Skolekorps spiller
- ♥ Nissen kommer på besøk
- ♥ Bli med inn i sentret og få pakke
- ♥ Gratis smaksprøver av nissens julegrøt
- ♥ Servering av gløgg og pepperkaker
- ♥ Amfelia & Oskar har fått på seg nisse-drakta, og deler ut og tar imot barnas ønskelister

Vinn julegave!

Skriv navn og nummer på en julekule og hjelp oss å pynte treet ved Ivar Øverlie AS. Er du den heldige som får en juleoverraskelse?

AMFI

SURNADAL

10-19 (16)  
AMFI.NO/SURNADAL

AMFI Mye å glede seg til. Alltid.